



Ål kommune  
v/ Næring/Landbruksavdelinga  
Postboks 14  
3571 ÅL

ARKIV

UNIVERSITETETS KULTURHISTORISKE MUSEER	
Universitetet i Oslo	
Saksb.	Kopi
JMA	26 SEPT. 2000
Ark:	06/19-117
Saksnr.	Dok.nr.:
99/11473	2

## Kulturminneregistrering i samband med søknad om nydyrking - Jøtaslåtta gbnr. 117/5, Ål kommune.

Synfaringa for nydyrkingsområdet på Jøtaslåtta vart gjennomført 07.06.2000 av arkeolog Lars Groseth.

Nydyrkingsområdet rører ein setervoll med fleire tufter og rydningsrøyser. Heile vollen er avgrensa av steingjerde i aust og vest. Det vart registrert 3 tufter innanfor nydyrkingsområdet, 1 av desse er merka på ØK-kartet frå før. Tufta X-5 (sjå kartet) er mindre synlig fordi den er overgrodd av gras og torv, mens X-6 er tydelig i terrenget. Det vart også registrert to typar av rydningsrøyser. Den eine typen har diameter på 3-4 meter og med høgde på 0,3 til 0,5 meter. Desse ligg inntil større jordfaste steinblokker. Dei andre røysene er mindre, og her ligg steinane oppå større jordfaste blokker. Desse to ulike røystypene kan vise til to ulike driftsformer, som enten er samtidige eller adskilt i tid. X-1 er ein steintipp fra nyare tid, mens X-2 er ei tuft som ligg like utenfor det området som det er søkt om oppdyrking for.

Det vart også registrert ei dyrkingsflate, X-3. Denne flata er opparbeidd med steingjerde på nedsida, mot nord. Vidare ligg det to steinstrenger i aust og vestkant av flata.

Det meste av området nedanfor dagens bygningar er tenkt dyrka opp. Alderen på setervollar er svært uviss, men kulturavdelinga har ingen indikasjon på at det her ligg automatisk freda kulturminne. Vi har derfor ingen spesielle merknader til nydyrkinga. Vi vil likevel helst sjå at vollen framleis blir nytta til beite og slått utan å bli nyridda.

Vi gjør merksam på at dersom det under anleggsarbeidet kjem til syne automatisk freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle kulturavdelinga i Buskerud fylkeskommune, jf. kulturminneloven §8.2.

POST ADRESSERES TIL AVDELINGEN - IKKE TIL ENKELTPERSONER

Postadresse  
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE  
Fylkeshuset  
N-3020 Drammen

Besøksadresse  
Hauges gate 89  
E-postadresse

Telefon  
32 80 85 00

Telefaks  
32808672

Bankkonto  
2200.07.13523  
Foretaksregisteret  
NO 964 951 373

Vår dato  
26.06.2000

Vår referanse  
99/00098-22

Med hilsen



Åse Klundelien e f  
fylkeskultursjef



Geir Helgen  
fylkeskonservator




Lars Groseth  
arkeolog

Vedlegg:

1 Utsnitt av ØK-kart BO 062-5-3

Kopi til: *M/VEDLEGG*

Universitetet i Oslo UKM Pb 6762 St. Olavs plass, 0164 OSLO



(KVINDEGARDSLII)

6722